

22.11.2010

Fjerdeplassen for Huglen

Uskedalen har fått tre menn med på vallista til Kvinnherad Arbeidarparti til kommunevalet neste haust.
Nominasjonsmøtet i Rosendal i kveld plasserte Magne Huglen på fjerdeplass. Det var det same som nominasjonsnemnda hadde foreslått. På åttande plass kjem Jostein Grov frå Uskedalen. Og den gamle veteranen Knut Sjøwall er framleis med på lista med 20. plass.

Ordførar Synnøve Solbakken står naturlegvis på toppen av lista. Ho er kumulert saman med Arve Opsanger frå Sunde.

På dei neste plassane kjem: Hilde Enstad, Laila Bjelland Brox og Aksel Kloster jr..

Arbeidarpartiet har i noverande kommunevalperiode sju representantar. Men skal vi tru optimismen til ein svært glad Arve Opsanger, så meiner han at partiet kjem endå sterkare i neste periode. Opsanger seier til uskedalen.no at utfra det gode arbeidet Ap-ordføraren og partiet hennar - saman med samarbeidsparti - har gjort, så trur han talet på representantar vil auka, og at Solbakken får ny tillit.

-Og du kjem i formannskapet?

-Først får vi sjå kva veljarane seier.

-Kanskje kan vi venta at Uskedalen igjen vert representert?

-Knut Sjøwall har no i to periodar fleire gonger møtt som vararepresentant. Vi kan ikkje sjå bort frå at Magne Huglen eller ein av dei andre uskedelingane vert valt til å representera partiet, seier Opsanger.

I grunnen må både Synnøve Solbakken og Arve Opsanger reknast for veteranar, for Opsanger har også fleire år bak seg i kommunestyret. Han sa for tre år sidan frå seg, etter å ha representert Sosialistisk Venstreparti i 12 år.

Jostein Grov har vore vararepresentant for SV.

Både Opsanger og Huglen har tidlegare også høyrt heime i Raud Valallianse, men som Opsanger seier til uskedalen.no har han vorte meir moden med åra.

Av Torfinn Myklebust